

Sak til Områdeutvalet

Går til:	Medlemene i Områdeutvalet for Nordhordland
Dato:	18.november 2022
Sakshandsamar:	Eirik Elsaas, Divisjon psykisk helsevern

Saka gjeld:	Psykisk helsevern for framtida – representantar frå Områdeutvalet
Saksnr:	09/22

Program Psykisk helsevern for framtida – del 2

Bakgrunn og målsetting

Den overordna målsettinga med utviklingsprosjektet er å legge det faglege fundamentet for å gi befolkninga i området eit framtidsretta psykisk helsevern. Dei viktigaste dimensjonane i utforminga av eit godt tilbod vil vere:

- God *tilgang* til behandling i psykisk helsevern for dei som treng det
- Eit *heilskapleg* pasienttilbod utan det sterke skillet mellom psykisk helse, rus og somatikk
- Gjere det mogeleg med meir *differensierte* og pasienttilpassa behandlingsforløp
 - *Målrette* tilbodet til pasientar som treng meir langvarig rehabilitering og oppfølging

Prosjektarbeidet er delt i to fasar. Fase 1, som er gjennomført, hadde som mål å utvikle det faglege grunnlaget for utforming av det samla framtidige tilbodet. Leveransane frå den fasen er oppsummert i eit sluttdokument (sjå vedlegg). Dokumentet skal gi dei overordna rammene for dei vidare utviklingsprosessane. Desse prosessane skal føre til at endringane blir implementerte i praksis, og at bygg og areal blir tilrettelagt slik at den understøttar dei faglege måla.

Det samla tilbodet skal sjåast som ein dynamisk heilskap, og inkludere både sjukehusfunksjonar og DPS-tilbod, og overgangar frå/til kommunale tenester. Ein må klargjere korleis dei ulike komponentane og einingane er avhengige av kvarandre for å oppnå det resultatet ein ønskjer. Det skal også inkludere utforminga av heilskaplege pasientforløp på tvers av dei ulike sektorane somatikk, psykisk helsevern og rusmedisin.

Programmet er organisert med ei referansegruppe (sjå vedlegg) der prosjektleiinga ønsker representasjon frå områdeutvala. Referansegruppa vil ha to møter i halvåret der prosjektleiinga vil presentera status og få innspel til det vidare arbeidet.

Forslag til vedtak:

Områdeutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa og vil velja representant til referansegruppa.

Vedlegg:

1. Sluttrapport Psykisk helsevern for framtida
2. Presentasjon av programmet Psykisk helsevern for framtida del 2